



Granvin barne- og ungdomsskule 5733 GRANVIN

rigmor.hanssen@granvin.kommune.no

Skulen: 48162242
Ass rektor: 40403884

Rektor: 40403885

Sommarbrev, 2017



Då nærmar det seg atter ein gong slutten på eit skuleår, og det er tid for å sjå både litt bakover og framover. Dette året har me endeleg fått teke i bruk att heile uteområdet vårt. Elevar og vaksne på skulen har venta meir eller mindre tolmodige, i åra etter flaumen, og gleda var stor då me kunne nytta skogen att. NVE er i all hovudsak ferdige med flaumsikringsarbeidet. Det meste av ryddejobben og oppgraderinga er unnagjort, og nye leikeapparat er på plass. Midlane Fau og skulen fekk frå Sparebankstiftinga har til no resultert i to nye leikeapparat. Det er framleis litt pengar att, og elevrådet legg planar for korleis desse best kan disponerast.

På skulen har det skjedd litt innandørs òg. Me skulle sjølvsagt, som sikkert dei fleste andre i bygda, ynskt at me framleis hadde tannlege og tannpleiar på huset. Når det fyrst vart slik at tannlegekontoret vart nedlagt, er me på skulen glade for å kunne nytta dei tomme lokala. Romma er pussa opp og blitt til nytt arbeidsrom for lærarane på ungdomssteget. Det gamle arbeidsrommet har òg fått eit løft, og der held no lærarane på barnesteget til.

Som de sikkert har fått med dykk, vart 17. mai for fyrste gong på mange år, feira med eige korps her i Granvin. Ei gruppe elevar frå 5. - 7. klasse har under leiing av dirigent Tord Ivar Marøy, øvd jamt og trutt i musikktime dei to siste skuleåra. I tillegg har gode, gamle musikantar blåse støvet av instrumenta sine, og i lag sytte dei for flott musikk fremst i 17. mai-toget. Me håpar at dette gav meirsmak, slik at Granvin kan halda fram med å ha eige korps i åra som kjem.

Biblioteket og skulen vil dette året òg samarbeida om å arrangera Sommarles for 1. – 7. klasse. Elevane vil før skuleslutt få med seg heim skjema, der dei kan skrive opp det dei les i

løpet av sommaren. Me håpar sjølvstakt at alle vil kosa seg med mange gode bøker i sommar. Til hausten vert det isfest, og kanskje ein premie for dei som har delteke. På skulebiblioteket har det vore opprydding, og dei som har lyst kan få seg lesestoff derifrå. Bøkene vert lagt fram i vestibylen dei to siste vekene før ferien, og du får dei til odel og eige.

I vestibylen vert det òg lagt fram attgløynde klede. Me vil oppmoda alle om å ta ein tur innom, for å sjå om det er noko de eig.

Kontaktlærarar skuleåret 2017/18 er:


1. klasse: Elisabeth Mæland
2. og 3. klasse: Elin Øystese Kjerland
4. og 5. klasse: Marit Gullaksen og Katrine Tvilde
6. og 7. klasse: Guri Draugsvoll
8. klasse: Jannicke Ophaug
9. klasse: Trine Brekke
10. klasse: Rune Magnar Røthe

Marit Gullaksen er ny i staben ved skulen. Ho har lang og brei erfaring frå Kronstad skule i Bergen. Der har ho vore kontaktlærar på mellomtrinnet i mange år, jobba mykje med Leselos, har engelsk som hovudfag og har også jobba mykje med born med spesielle behov. Me håpar ho vil trivast ved skulen vår. Tonje Såkvitne og Bjørn Finne sluttar som lærarar her hjå oss etter dette skuleåret, og Megan Turney er ferdig med praksisen sin ved skulen. Lukke til vidare til alle tre☺

Sosiallærar og rådgjevar er Jannicke Ophaug. Atle Seim er elevrådsleiar, og Marit Spildo er spesialpedagogisk koordinator. Lagleiarar er Siv T. Halstengård for 1.-7. kl. og Ingebjørg Trageton for 8.-10. kl.

Me har dette skuleåret hatt ein tilsett under utdanning innanfor ordninga Kompetanse for kvalitet. Det er Trine Brekke som har tatt 30 nye studiepoeng i naturfag.

Personalet har elles vore på ein inspirerende og lærerik studietur til Edinburgh. Challenging learning sto for det faglege opplegget, og me hadde litt kjennskap til dette frå planleggingsdagen med James Nottingham i november. Det vart tid til både workshops og skulebesøk i Edinburgh, og me er i gang med å ta ny lærdom med oss inn i klasseromma. De heime har kanskje høyrte elevane snakka om at «då måtte me ned i (lærings-) gropa»? Kort fortalt handlar det om å sjå at utfordringar er interessante og gjev læring, og gjennom å nytta seg av ulike læringsdugleikar kjem ein opp av læringsgropa med ny lærdom og innsikt. Det er òg lagt vekt på ein utviklande tenkjemåte, og at evner er noko ein kan utvikla; eg kan det ikkje – ENNO!



Det skjer mykje interessant og god læring på skulen heile året, men om våren er det rom for litt andre læringsaktivitetar enn elles. Nedanfor kjem nokre smakebitar frå noko av det dei ulike klassane har vore med på.

1. og 2. klasse har hatt utedag, og då besøkte dei fyrst fjøset til Marit og Hans Velken. Der var lamminga i full gang. Etter på var dei på stranda, og der var det mykje å sjå. Elevane såg etter vårteikn, studerte stein, skjell og småkryp. Dei hadde natursti, og til lunsj vart det laga tomatsuppe på stormkjøkken.




3. og 4. klasse var på tur til steinalderbuplassen Skipshelleren ein dag i mai, og målet med turen var å få meir kjennskap til steinalderen og korleis folk levde på den tida. Dette skreiv Asbjørn i 4. klasse etter turen: *Me tok buss i frå Granvin til Stamnes. Det budde folk der for 7000 år sidan. Me klatra opp på helleren og Anita (Vik) fortalde om steinalderen. Me brente bål og kosa oss. Me hadde forskjellige grupper. Me hadde villsvinjakt, me laga smykke, skaut med pil og boge og me laga helleristning. Så fortalde Anita oss om Gulløyne, og så tok me bussen heim igjen.*



Rundt påsketide hadde to masterstudentar i «Barne- og ungdomslitteratur» praksis i 5. klasse. Tema for praksisen var formidling av barnebokklassikarar, og i desse vekene fekk elevane eit djupdykk inn klassikarane «Veien til Agra» og «Tarzan». I tillegg til både høgtlesing og stillelesing vart det rom for både dramatisering, musikk, film, skriveoppgåver og samtale, for å nemna noko. Her ser me elevane og studentane medan dei lyttar til høyrespel, som elevane sjølve laga med utgangspunkt i eit utdrag frå «Veien til Agra».



Leirskule i Balestrand er eit fast innslag no på våren, og i år reiste 6. og 7. klasse i lag. Agnes fortel at det var veldig kjekt på leirskulen. Det var ei veke full av aktivitetar. Dei hadde natursti, klatra i ein steinvegg, skaut med pil og boge, og fiska med både garn, ruse og djupvassline. Det var mykje fisk å få. Elevane fekk ro i båt og padla kano, og nokon fekk seg til og med eit bad i samband med padlinga. Ein dag var det kulturvandring i Balestrand. På kveldane var det diskotek og mange andre aktivitetar. Før heimreise vart delt ut diplom for både beste rom og beste arbeidshefte.



andre ungdomsskuleelevar. Her var målet for turen Hanguren. På biletet er klassen klar for den daglege frukosten som vart servert denne veka, og Kristian viser fram beviset på at klassen fekk 2. premie i quizen dei deltok i som førebuing til turen.

8. klasse er dette året med på eit nytt prosjekt kalla HEART, der fokuset ligg på Helse, Ernæring, Aktivitet, Rusførebygging og Tannhelse. Dette er eit digitalt folkehelseprogram for ungdomsskulen utvikla av tannhelsetenesta i Rogaland og Hordaland, og det er tett knytt opp mot måla i læreplanen. Elevane fortel om ei kjekk veke. Dei fekk vera ekstra mykje i aktivitet denne veka, og dei trekkjer fram at dei sjølve i stor grad fekk vera med å bestemma innhaldet i prosjekta dei arbeidde med. Same veka deltok elevane òg på «Opptur» i lag med

9. klasse har tradisjonen tru, hatt arbeidsveke no på våren, og elevane har fått prøva seg i ulike yrke. Svein arbeidde på Granvin maskinstasjon. Han fortel at han hadde ei bra veke der, med varierte arbeidsoppgåver. Han fekk både køyra og vera med på å ta service på hjullastar, og han var med og skrudde på andre maskiner. Svein har planar om å arbeida med skogsdrift, men om han ikkje endar opp der, kunne han kanskje tenkt seg å arbeida hjå Granvin maskinstasjon eller noko tilsvarande. Han innrømmer at det å vera ute i arbeid, er kjekkare enn å vera på skulen☺.

Dei ni 10. klassingane våre nærmar seg slutten på skulegangen sin her hjå oss. Eksamen er unnagjort. Dette året vart det skriftleg eksamen i norsk, og temaet for oppgåvene var «kommunikasjon». Lokalt gitt (munnleg) eksamen var dette året i KRLE. Onsdag 21. vart det avslutningsfest for elevar og føresette. Det er alltid litt vemodig å ta farvel med ein gjeng etter ti år, og me vil ynskja dei alt godt!

SFO

Vårhalvåret på SFO har diverre vore prega av at Leif Harry og Solveig har vore reduserte og sjukemelde. Difor har me ikkje fått følgt opp aktivitetsplanen som me var så godt i gang med før jol. Me satsar på koma sterkare tilbake til hausten! Likevel torer me seia at borna har det kjekt på SFO. Dei har gode tilbod både inne og ute. Det er godt å kunne slappa av i lag og leika med andre, eller berre vera roleg og pusla for seg sjølv, om ein vil det.

Det er oppretta eit eige fag på It's learning for SFO-foreldre, der me legg ut felles informasjon, planar og bilete. Mobilskule er også teken i bruk til fellesbeskjedar som gjeld SFO. Dette fungerer godt, er vår erfaring.

Til hausten er det ni elevar som har søkt om plass i SFO. Det er flott, men hugs at me har plass til fleire. Det er mogleg å melda seg på undervegs også, eller nytta seg av enkeltdagar. Ta kontakt, så ordnar me det. På tilsyn er det atskilleg meir folksamt, heile tjueseks har fått plass.

Me minner også om at fullmakter som gjeld til dømes fotografering og å sitja på i privatbil, også gjeld for SFO. Me treng altså ikkje eigne fullmaktskjema for dette.

To av SFO-elevane våre går av for aldersgrensa☺. Ei av dei har skrive nokre tankar og inntrykk frå tida på SFO:

S.F.O

Hei! Eg heiter Johanna og er 10 år. Eg har gått på S.F.O i 4 år no. Me har funne på masse kjekt her og kosa oss! Me har vore på sløyden, hemsan og gymsalen. På sløyden så har me hatt mange kjekke prosjekt i lag med Leif Harry. Me har laga fyrstikkhaldar, ein klovn som held ein tørkepapirrull og ei verktøykassa og mykje anna som eg ikkje kjem på! På hemsan har me brukt «Airhockey» og spelt mange spel. I gymsalen har me leika med apparata som er der.

Før jul så pleier me og reisa til ein plass som me kallar: Nissesteinen. Det er ein stor stein og av og til når me er der så har julenissen vore der før oss og lagt igjen eit brev eller noko.

Elles på S.F.O så får me lov til å gjera litt som me vil. Nokon er ute og spelar fotball, husker, klatrar eller leiker mens andre er inne og bygger lego, leikar med pluss pluss eller lagar noko. Når Anna er på S.F.O så har ho ofte eit prosjekt som me skal gjera, og det kan vera å laga noko ut av pappfat, mala på ein spesiell måte, teikna noko eller noko sånt. Det er veldig kjekt!! Når Britt Karin og Megan er der så pleier me å gjera som me vil, eller gå ut og finna på noko eller i gymsalen.

*Takk for fira fine år på S.F.O!! 😊😊
Håpar at alle andre får det så fint på S.F.O som eg!*

Då vil me på skulen til slutt få ynskja alle ein riktig god sommar, og takka for samarbeidet i året som gjekk! Me gler oss til å sjå alle att ved skulestart 17. august, og til å ynskja ni nye 1. klassingar velkomne😊

Alle med – gjennom læring og trivsel i fellesskap!

Mvh Personalet ved Granvin barne- og ungdomsskule